



## Vegbygging i verneverdig furuskog i Linga og Røyrvik i Kvam herad Vedlegg til sak 2024/3641

Vi ønsker i dette fagnotatet først og fremst å konsentrera oss om miljøvurderingane som ligg til grunn for løyvet til å bygga landbruksvegen og tilskotet, sidan det er særleg dette som vert trekt fram i bekymringsmelding frå Naturvernforbundet.

### Søknad om å byggja Snorlivegen

Det er kommunen som er lokal skogstyresmakt og som handsamar søknader om landbruksvegar. Landbruksvegforskrifta § 2-3 skildrar kva tema søknaden må opplysa om: «*Til søknad om landbruksvei skal kart som viser planlagt vei, eksisterende veier i området, samt planlagt massetak i forbindelse med veibyggingen vedlegges. For planlagt skogsvei skal kartvedlegget vise dekningsområdet som veien har nytte for. Eventuelle alternative veitraseer bør også framgå*». Vedlagte kart skal også vise beliggenheten for kjente miljøverdier, områder med kjent skredfare, eksisterende bebyggelse eller annen infrastruktur som kan bli berørt av veiltaket.

*Av søknaden skal nytten av veiltaket framgå. Det skal vidare framgå av søknaden hvordan hensynet til å minimere faren for flom, erosjon, løsmasseskred og negativ påvirkning på kjente miljøverdier skal ivaretas i forbindelse med tiltaket*».

Av saksvurderinga til Kvam herad datert 27. mai 2020, går det fram at løyvet til bygging av Snorlivegen omfattar to tiltak på gnr 100 bnr 1 og 2. Tiltak 1 er ombygging av eksisterande veg til vegklasse 4 med lengde på 1256 meter. Tiltak 2 er nyanlegg på 1297 meter vegklasse 7 eller kl 5 (traktorveg med berelag / skogsbilveg for tømmerbil utan hengar). I landbruksvegforskrifta står det at Statsforvaltaren skal ha søknaden på høyring når det er snakk om bilveg, som i denne søknaden.

Ut frå dei dokumenta vi har fått oversendt frå Kvam herad er det uklart kva som er dekningsområde for vegen, og det ser ikkje ut til at det er lagt ved kart som viser kjente kartlagde miljøverdier. Det skal fylgje sakshandsaminga til kommunen, og det beste er at det er limt rett inn i vedtaksdokumentet. I søknadsskjemaet er det kryssa «nei» for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap.

Basert på feltarbeid i 1986, skildrar Moe (2001) at den eldste skogen stod gjerne over 200 m.o.h., og hadde ein alder på rundt 235 år. I dag vil skogen her såleis ha ein snittalder på 273 år og derfor også innafor definisjonen av gamal skog i samband med naturkartlegging.

Området vart vurdert som svært verneverdig under arbeidet med barskogverneplan på 1990-talet. Særleg kalkrik berggrunn og høge bonitetar har gitt grunnlag for høgproduktiv skog og artsrik flora. Området husar også truleg største bestand av blåveis i fylket. Dette er ikkje informasjon som kjem fram gjennom ØKS eller ved eit vanleg utsjekk i tilgjengelege kjelder ved vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12, men det ville ganske sikkert ha kome fram dersom kommunen hadde sendt vegsøknaden på høyring til oss. Vi understrekar likevel at området ikkje er verna, og at det kan drivast skogbruk der i samsvar med føresegnene i skogbrukslova.

Naturtypen rik edellauvskog (naturbase id BN00106574) som er vekta av regional verdi ligg langs vegtrase på eigedom 100/1. Lenger nord langs vegen, på same eigedom er det registrert ei stor eik (naturbase id BN00106576) av regional verdi. Utstrekning av dekningsområdet omfattar noko av eigedom 101/1. Der ligg naturtypen gamal barskog i vest (naturbase id BN00106579) også vurdert til regional verdi.

### Ordninga med frivillig skogvern

Naturvernforbundet tek opp ordninga med frivillig skogvern i brevet sitt. Ved inventering av verneverdig barskog i Hordaland, konkluderte [Bjørn Moe \(2001\)](#) at skogen på Linga var svært verneverdig. Vi deler vurderinga av at området er verneverdig og at det hadde vore ønskeleg å fått det innlemma i ordninga med frivillig skogvern.




Men så lenge vi ikkje har fått tilbud frå grunneigarane, har vi ikkje høve til å vurdere området for skogvern. Det er eigentleg dette som har vore suksessen med frivillig skogvern, at tilbudet har kome frå grunneigarane sjølve. Sidan ordninga tok til i 2016 er det blitt etablert 37 nye naturreservat med ei samla totalareal på 114 km<sup>2</sup> i Vestland. Ved vern vert grunneigarane gjeve erstatning for skogverdi, men vil framleis ha eigedomsrett. Erfaringane til no er at grunneigarane som er med på dette er nøgde, og mange får ei erstatninga som overgår potensiell inntekt ved hogst.

Statsforvaltaren har informert AT Skog og Norskog, som har grunneigarkontakt i samband med frivillig skogvern, at vi ønskjer å få tilbud frå Lingaområdet. Til no har vi ikkje motteke dette.

## ØKS

Søknaden er registrert i sakshandsamingssystemet ØKS (økonomisystem for skogbruk) i november 2020 (etter godkjenningvedtaket). Her går det fram at tiltak 1 omfattar 1259 meter ombygging av eksisterande skogsbilveg til vegklasse 4 og tiltak 2 er nybygging av 739 meter skogsbilveg klasse 5. Under «registrerte miljøverdier» er det også her kryssa av «nei» for naturmangfald, landskap og friluftsliv. Dekningsområdet på 419 dekar, veglinene (lilla), og dei kjende miljøregistreringane i området går fram av kartet som kommunen har oppdatert i ØKS (på neste side).

Det går fram av landbruksvegforskrifta § 3-1 *Uttalelser* i siste ledd at «kommunen skal vidare registrere søknaden og kartfeste veiltaket og dekningsområdet i Økonomisystem for skogordningene (ØKS)». For ordens skuld vil vi leggje til at skograpporten generert av ØKS i 2020 var mangelfull og at vi hadde gjort kommunane merksame på at dei måtte gjere ei sjølvstendig utsjekk av tilgjengelege kjelder.



ØKS gjev god oversikt over dekningsområde og vegtrasear for høyring og handsaming i kommunen, men er dessverre berre tilgjengeleg for den offentlege skogbruksforvaltninga. ØKS genererer ein skograpport på bakgrunn av innlagt dekningsområde, og den gir ein lettforståeleg oppsummering av skogen, registrerte miljøverdier og andre interesser (men ikkje at området var med i verneplanen for barskog), og bør følgje alle større skogsvegsøknadar som vert sendt på høyring.

Ved vurdering av dekningsområde for tilkomstveggar i skogbruket (hovudsakleg bilveggar) skal følgjande leggst til grunn: All skogsmark som det vil vere driftsteknisk rasjonelt å drive fram til og på den aktuelle



vegen skal vere med, inkludert dekningsområde for framtidige sekundærvegar, men avgrensa av der det er naudsynt med bygging av ytterlegare tilkomstveg. Andre avgrensingar er skiljet mot uproduktiv skog, topografiske hinder som kløfter, juv og svært bratt terreng og elver og vatn, større offentlege vegar, andre dekningsområde og større skogområde verna mot skogsdrift.

## Tilskot

Den 3. mars 2021 fatta Kvam herad delegert vedtak om å gje kr 800 000 i tilskot til bygging av landbruksvegen. Det utgjer om lag 60 % av byggekostnaden. I dette dokumentet er dekningsområdet sett til 550 dekar og det kjem fram at vegen vil løyse ut om lag 5 500 m<sup>3</sup> hogstmogen skog. Det er ikkje gjort noko form for skildring av naturverdiar eller vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Som hovudregel skal desse vurderingane kome fram i vedtaksdokumentet for tilskotet, jf naturmangfaldlova § 7. Dersom det er gjennomført tilstrekkelege vurderingar (veglinje og dekningsområde) av dei miljøretslege prinsippa i vedtaksdokumentet for landbruksvegsøknaden, kan det halde å vise til det i tilskotsdokumentet jf [Landbruksdirektoratet 2015](#).

Når direktoratet sin rettleiar vart skriven var det Fylkesmennene som gjorde vedtak om tildeling av tilskot til skogsvegar, og kommunen sine vurderingar etter §§ 8 - 12 i naturmangfaldlova i byggjeløyvet fekk soleis ein gjennomgang med nye auge ved tilskotshandsaminga. Vi ser likevel ikkje nokon grunn til at dette skal vere annleis med kommunen som tilskotsforvaltar, men sjølvstøtt under føresetnad av at dei vurderingane som er gjort ved handsaminga etter landbruksvegforskrifta er tilstrekkelege.

Som nemnd lenger opp krev landbruksvegforskrifta at dekningsområde og vegtraséar må kartfestast i ØKS. Kartet i seg sjølv er rimeleg intuitivt og den systemgenererte skograpporten listar opp kjende miljøverdiar i heile dekningsområdet på ei oversiktleg måte. Vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12 i landbruksvegsøknadar vert likevel i hovudsak gjort med grunnlag i det tekniske inngrepet vegen førar til, og ikkje for heile dekningsområdet. Landbruksvegforskrifta regulerer vegbygging, ikkje skogsdrift.

Ved handsaming av tilskotssøknadar etter *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* må det leggjast større vekt på nytta vegen har for skogbruk, også sett i kontekst av konsekvensar på natur-, miljø- og friluftsvurdiane i det aktuelle dekningsområdet. I tilskotssøknaden nyttar ØKS det same dekningsområdet og dei same innlagte vegtraséane som vart lagt inn i byggesøknaden.

Dersom ein ved §§ 8-12 vurderinga i landbruksvegsøknaden berre har vurdert veglinja, må det alltid gjerast ei eiga vurdering av naturmangfald og konsekvensar av hogst i dekningsområdet ved handsaming av tilskotssøknader. Dette har ikkje blitt gjort av Kvam herad i denne saka.

Ei slik vurdering relevant sidan tilskotet påverkar økonomien i tiltaket og i praksis omfanget tiltaket vil kunne ha på natur. Vurderinga etter naturmangfaldlova saman med naturomsynet som elles er heimla i skoglova eller tilhøyrande forskrift, vil vere med setje premisser for eventuelle vilkår, jf [Klima - og miljødepartementet 2016](#). Vilkåra skal alltid heimlast i tilskotsforskrifta, skogbrukslova eller berekraftforskrifta.

Om kommunen kjem fram til at tilskot kan innvilgast vert det då naturleg å minne om skogbrukslova §§ 4 og 8 (skogeigaren sitt forvaltaransvar og miljøomsyn ved hogst) og setje vilkår (jf tilskotsforskrifta §§ 1, 3 og 7) som sikrar at skogbehandlinga i dekningsområdet tek omsyn til miljøverdiarne. Vilkåra kan til dømes gå på hogst- og foryngingsmetodar, flatestorleik og at mindre område skal få stå urørte, tilpassa miljøverdiarne i dekningsområdet til vegen, og med heimel i tilskotsforskrifta

I tillegg til reglane i landbruksvegforskrifta, har kommunen etter forvaltingslova § 17 ei generell utgreiings- og informasjonsplikt. I følgje landbruksvegforskrifta § 3 – 1 skal dei innhente dei uttalar som er naudsynt jfr. § 1 – 1 *Formål*. Denne saka gjeld opprusting og etablering av ny veg for å ta ut skog i eit område som i barskogverneplanen vart vurdert som svært verneverdig. Saka er difor innafor interessefeltet til Naturvernforbundet som representant for ålmenta. Soleis hadde det ikkje vore unaturleg at Naturvernforbundet fekk denne saka på høyring.

## Kvam herad si sakshandsaming

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier at «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføring*».



Det er kommunen si oppgåve å sjå til at søknad om landbruksveg inneheld nødvendig informasjon om tiltak jf [landbruksvegforskrifta § 2-3](#). Vidare seier [forskrifta i § 3-1](#) at «før vedtak fattes, skal kommunen innhente de uttalelser som er nødvendige, jf. § 1-1, og ellers sørge for at saken er så godt opplyst som mulig». Dette er også eit generelt krav til forvaltingsorganet etter forvaltingslova § 17. Vi meiner at søknaden når den vart handsama var mangelfull.

Vurderinga etter naturmangfaldlova §§ 8-12 er i vedtaksdokumentet skildra slik:  
*«Bygging av landbruksveg i det omsøkte området er ikkje vurdert til å medføra stor skade på naturmangfaldet og sårbare økosystem. Traseen ligg i eksisterande traktorveg og er ei utbetring av eksisterande veg. Nyanlegget er ei forlenging av eksisterande veg. Sakshandsamar kjenner ikkje til at det er hekkelokalitetar for rovfugl i området. Eventuell negativ påverknad er lågast om anleggsarbeidet vert utført utanom hekketida/ yngletida for fugl og pattedyr».*

I søknaden er dekningsområdet til vegen oppgitt til 419 dekar medan det i saksvurderinga til Kvam herad står at det er på om lag 2 200 dekar og av dette 1450 produktivt areal. Dekningsområdet avgjer kva skogareal vegen skal tene og kva miljø- og naturverdiar som kan bli råka. Det er uheldig at det ikkje kjem klart fram kva areal vegen skal dekkja.

På e-post av 15. mars 2024 får vi opplyst frå Kvam herad at eigedom 101/1 likevel ikkje skal inngå i dekningsområdet til vegen, men at eigedom 100/5 gjer det.

### **Vurderinga vår**

Inntrykket vårt er at Kvam herad si vurdering av miljøtema, inkludert vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 er mangelfulle. Det burde vore oppgjeve at landbruksvegen og dekningsområdet til denne er innafør arronderinga til tidlegare framlegg om verneplan for barskog. Som eit minimum burde naturtypelokalitetane som ligg langs vegen som skal byggast om vore nemnd. Det kan synast som om relevant kartgrunnlag for naturmangfald ikkje er undersøkt. Det er heller ingen omtale av dominerande treslag, eller kva skogtype som ligg i vegtraseen.

Det kjem difor dårleg fram kva naturførekomstar som vert påverka av vegframføringa, eller eventuelle konsekvensar av hogst i dekningsområdet. Det vil vere svært uheldig om all skogen i dekningsområdet vert snauhogd. Dette er i realiteten kjernen i naturmangfaldvurderinga og nyttevurderinga opp mot miljøkonsekvensane av å byggje vegen. Vurderinga av vegsøknadar etter landbruksvegforskrifta konsentrerer i hovudsak seg om traséen og det tekniske inngrepet av sjølve vegen. Vurderinga av dekningsområdet, altså skogtype, topografi, miljøverdiar med vidare set rammer for kva skog ein kan hogge ut og ligg såleis også til grunn for søknadsvurderinga.

På synfaringa vurderte vi at det ikkje er sannsynleg at edellauvskoglokaliteten som ligg inntil, men nokre meter aust for den delen av vegen som vert bygd om, vert påverka av sjølve ombygginga eller byggearbeidet.

Etter to rettsavgjersler er det slege fast at det ikkje skal gjerast reine kostnad/nytte-vurderingar ved handsaming av landbruksvegssøknadar. Men nytta av vegen må likevel vurderast opp mot andre konsekvensar av vegbygginga og konfliktgrad. Vert konfliktgraden for høg skal tiltaket få avslag jf [landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd](#).

Skognæringa har sjølv sertifiseringssystem for berekraftig skogbruk (PEFC) der ulike kravpunkt dekkjer ulike tema, deriblant hogst, men ordninga svarer ikkje ut alle nødvendige omsyn og miljøtema. Det er kommunen som er vedtaksmynde for landbruksvegar, og skal på sjølvstendig grunnlag kvalitetssikre oppgitt informasjon i landbruksvegssøknadar og vurdere om det er areal som ikkje kan hoggast. Her er vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 sentral, då lovkravet er at ein blant anna må oppgje kva naturverdiar som er i området, i kva grad dei kan bli råka av tiltaket og kva grep som vert gjort for å redusere dei negative påverknadane på naturmangfald. Desse vurderingane må kome fram i saksvurderinga til vedtaksdokumentet, jf. naturmangfaldlova § 7.

For å ivareta føremålet i forskrifta kan kommunen setja vilkår for å hindra negativ påverknad av miljøverdiar, som viktige naturtypar og raudlisteartar. Dette omsynet vil typisk gjelde fastsetting av vilkår knytt til sjølve bygginga av og traséval for landbruksvegen jf [landbruksvegforskrifta § 3-3](#).



Skogeigar har etter skogbrukslova § 4 eit eige sjølvstendig forvaltaransvar for skogen, men regelverket kan vere komplisert og passande miljøomsyn i praksis kan vere vanskeleg å vurdere. Om ein hogst kan få uheldige verknader for miljøverdiane, kan kommunen setje vilkår for korleis den skal gjennomførast eller nekte hogsten heilt, jf. skogbrukslova § 8 andre ledd og § 11 *meldeplikt*. Dette bør gje klårare rammer for tiltak i skog for skogeigar, og konkretisere omsynet til miljøverdiane ved hogst. Grepene passar særst godt ved vurdering av kva skog som kan takast ut eller ikkje i dekningsområdet til skogsvegar der det er viktig naturmangfald. Den endelege utforminga av vedtaket og tilhøyrande vilkår til dette, vil naturlegvis setje premisser for vidare skogsdrift, men også for vidare utvikling av det lokale artsmangfaldet i området. Eit slikt vedtak kan altså fattast saman med eller uavhengig av landbruksveg- og tilskotssøknaden.